



Det kongelige kulturdepartement

Jfr.

Saksnr. 12/522	Arkivkode FA-C60	Journalnr. 12/4995	Dykkar ref.	Vår ref. MBR	Dato 07.06.2012
-------------------	---------------------	-----------------------	-------------	-----------------	--------------------

Høyringsuttale om endringar i lov om folkebibliotek.

Skule- og kulturutval har i møte 05.06.12 handsama sak ”Høyringsuttale om endringar i lov om folkebibliotek.” der vart det gjort slik tilråding/vedtak:

Tilråding til vedtak:

Merknader frå biblioteksjefen blir teke til følgje og sendast til høyringsinstansen.

Handsaming i Skule- og kulturutval 05.06.2012:

Framlegg til vedtak vart vedteke samrøystes. 6 røyster.

SKU-024/12 Vedtak:

Merknader frå biblioteksjefen blir teke til følgje og sendast til høyringsinstansen.

Saksutgreiing:

Høyringsnotat dagsett 08.03.2012, høyringsfrist 08.06.2012

Gaular kommune v/Skule- og kulturutvalet har følgjande merknader til Endringer i lov om folkebibliotek:

Generelt: Endringane i lovforslaget rammar mest små kommunar med knappe ressursar.

§ 4 Kommunane sine *reglement bør vere forankra i retningslinjer frå departementet*. Om kommunane blir fristilt ved utforming av reglement kan dette gi ulike tilbod, også mellom nabokommunar. Kommunar med små ressursar kan lett legge seg på eit minimum av tilbod.

§ 5 Alternativ 1 bør bli ståande med *krav om fagutdanna biblioteksjef*. I små kommunar er det oftest berre biblioteksjefen som har bibliotekfagleg utdanning.

Tal på kommunar med fagutdanna biblioteksjef har auka frå 43% i 1985 til 71% i 2007.

Likevel, så lenge det ikkje er krav om stillingsstorleik for fagutdanna biblioteksjef er ikkje småkommunane attraktive for nyutdanna bibliotekar som ønskjer ein yrkeskarriere.

Om dispensasjonsordninga blir fjerna blir gjerne løysinga felles biblioteksjef for fleire kommunar, punktet om at kommunen skal ha eit bibliotek blir uthola, fagkunnskapen kan bli flytta og fjerna frå møte med brukarane. *Dispensasjonsordninga bør difor bli ståande*.

§ 6 Vi ser det som *uheldig at lovpålagd samarbeid mellom folkebibliotek og skulebibliotek blir fjerna*. Etter at skulebibliotek vart fjerna frå Opplæringslova har skulebibliotek ikkje noka formell forankring. Dette kan gi både tilfeldig og nokså ulikt tilbod til elevar i grunnskulen. I små kommunar finst gjerne ikkje bibliotekfagleg kompetanse i skulesystemet, skal den formelle kontakten til folkebiblioteket kuttast blir skulen utan tilgang til slik kompetanse på noko plan.

§ 8 Forslaget fjernar pålegg til fylkeskommunane om eige fylkesbibliotek. *Fylkesbiblioteket bør halde fram som ei eiga organisatorisk eining*, ikkje berre eit kontor med ein eller fleire konsulentar. Som pådrivar for utvikling av bibliotekverksemda er fylkesbiblioteka viktig, nedbygging råkar først og fremst små kommunar og distrikta.

Med helsing

Jetvard Kalland
skule-/kultursjef

Svanhild Oppedal
biblioteksjef